

Avtale om bruken Selsøy.

Fornying av eksisterande avtaletekst treng litt endring. Dei fleste endringane er små, men under pkt. C – Bygningar og anlegg- har det skjedd mykje dei siste åra.

Forslag til ny tekst:

Pkt. C BYGNINGAR OG ANLEGG.

Dette er utført i samråd med grunneigar.

På toppen av Selsøy er det bygd ei lita hytte. Hytta er så lik som mogeleg den som vart bygd i 1944, og som gjorde teneste under andre verdskrig. Hytta skal nyttast til å vise aktivitar knytt til lyttestasjonen RISOR II.

På ei lita flate ovanfor samlingsplassen er det oppført ein lagerbygning med påbygd utedo. Ved møteplassen er det sett opp flaggstang. Det er også laga trapp og ein liten platting med rekkverk ved minneplata på bergveggen under flaggstanga. På sjølve samlingsplassen er det bygd ein større platting – scene- med solid rekkverk. Der er mange fastmonterte benkar (ca. 150 sitjeplassar) i tre avdelingar. Det er også laga ein høvande skiferplatting med rekkverk der bautasteinen «RISOR II» står. Ved sjøen er det bygd ei fastmontert bryggje. Det er lagt ut to flytebryggjer med tre gangveiar. Langs bergveggen på sørssida av fjæra er det bygd ein fastmotert gangveg av tre.

Mbh

Idar H.